

---

# München - en messe verd

*Av Torgeir T. Garmo*

**Mineralientage München trivst og veks. Med offisiell opning onsdagskvelden og meir enn 4 hallar med litt over 500 utstillarar frå 30 land. 28.000 besøkande syrgde for at dei fleste utstillarane kunne notere ny omsetningsrekord trass i dårlege konjunkturar i mange land. Verd å merke seg var også det svake nordiske engagement på messa: 1 utstillar frå kvart land minus Sverige som stilte blankt. Held Norden heilt på å gli ut av fokus?**

**D**ersom ein skumma vekk dei tyske firma som segla under austuropeiske flagg, vart det stort sett berre ungarar og polakkar att av desse og. Dei få russerane hadde tydelegvis statsløn enda og synte ingen interesse for å selja, og Trepca-mineralane som dominerte stort for 3-4 år sia var forvist til ein krok blant Münchens barnesamlarar. I hall I var det vesentleg større grossistfirma som åt seg godt inn mot Übersee-utstillingen i neste. Dei oversjøiske kom i år serleg frå USA, Brasil, Sør-Afrika og Pakistan. I hall IV, den såkalla "samlarhallen", var det ei forunderleg blanding av småfirma frå mange land, utstillingsmontrar,

healing og marokansk bazar. Dei einaste som med sikkerheit mangla var samlaren som leigde 1 m bordplate og selde eigne funn. Men han rusla kanskje rundt med alpelue og skulderveske med "någå uppi"?

Mineralmessa har fått fleire matstasjonar, fleire stader å sitja og mindre trengsel – og ho har vorte betydeleg trivlegare enn før. "Prisnivået er omtrent som heime", som ein av dei norske sa, "berre at her meiner dei deutschmark der vi meiner kroner"! Fullt så gale er det knapt, men det skal godt gjerast å handle rimeleg før utpå sundagsettermiddagen.

"Dersom eg sel 20% av det eg har

med, er det ei god messe" sa ein tysk handlar. For honom var det greitt nok å pakke saman til neste messe, men for andre som meir eller mindre har smugla mineralkassene ut av heimlandet og inn gjennom den tyske tollene, er saka verre. Heimatt vil dei i alle fall ikkje smugla varene, derfor dett prisane tungt utover sundagsettermiddagen. Avslag på oppimot ein tigang fortel om romslege avanser og brustne illusjoner. Ved tidlegare messer i München kunne eitt eller berre nokre få mineral dominere fullstendig, slik som i '86 da grønn dioplas og oransjeraud crocoitt på alle bord skapte ei altfor tidleg julestemning. Nå har breidda vorte større samstundes som gamle favorittar som Tsumeb, Mexico og Yukon mest er borte. Dioplasen kjem frå Ural som også produserer ilttert raud crocoitt og giftgrøn uvarovitt. Frå det fjerne Vladivostok kjem velkrystalliserte sulfidar samen med eplegrøne datolittkrystal-

lar, ilvaitt og kalsitt i mange former. Og i andre hjørna av det enorme Russland har Kolahalvøya starta produksjon av "Langsundmineral" der kvaliteten berre blir overgådd av prisen.

Som vanleg var utvalget stort av mineral frå Romania. Frå Ukraina kom beryll i fleire farger og klare opptil kg-tunge topaskrystaller, men det var merkbart mindre frå Italia, Jugoslavia og Polen. Norden var nesten heilt fråverande. Eg noterte 5-6 sølvstuffar, eit par ruskete zirkonar og påfallande lite anatas. Berre av sjeldne mineral var utvalet betre, blant anna flotte hydroxyapophyllittar frå Mo i Rana! Dei siste, hektiske timane nytta eg til å sikre meg rimelege lots frå Marokko, Polen og Pakistan. I virvaret under bordet oppdaga ein handlar bråt ein kartong han hadde gløymt å pakke ut, han vart min for hundre raske med taxien venta...

– Så blir det julekveld i år også.

# STENSLIPING

Stikk innom oss og se vårt store utvalg til rimelige priser.

Slipeutstyr  
Råsten  
Innfatninger  
Mineraler

Stensmykker  
Presangartikler  
Cabochoner i norsk  
sten og mye mer

## GEO-HOBBY AS

Trondheimsvn. 6, Oslo 5. Tlf. 02-37 67 88  
Åpent: 10.00 – 16.00 (13.00) Mandag stengt.